

Sotra Kystby opp i kommunestyret i dag:

# Gjev Fjell eit forspra

Når det nye Sotra-sambandet står klart har Fjell planen på plass for å takla den nye bølga av tilflytting som vil koma.

**STRAUME:** Planen kjem på plass når kommunedelplanen for Bildøyna og Sotra Kystby i dag etter alt å døma vert klubba i kommunestyret. Måndag gjekk formannskapet i Fjell samrøystes inn for planen. Men politikarar og kommune må dela æra med private aktørar for at Fjell endeleg er i framkant av veksten.

– For ein gongs skuld har me vore tidleg ute med å planlegga ein framtidig heilskap, før me set i gang med å byggja dei ulike delene av det som vert Sotra Kystby. Eg er stolt over at Liegruppen bidreg til at Fjell-samfunnet er budd på utfordringa, seier Roy-Eddy Lie.

## Åtte år frå visjon til plan

Eigedomssjefen i Liegruppen var tilstades då formannskapet handsama kommunedelplanen, om lag åtte år etter at Lie første gong stilte i same organ for å presentere planane om Visjon Kystby. Dette byprosjektet har utvikla seg undervegs. Sotra Kystby omfattar i dag området frå industri- og idrettsparken på søre Straume via Sartor Storsenter til Fjell rådhus og helselandsbyen på austsida av riksvegen. Byen skal også skapa bru over eit anna skilje, nemlig Straumssundet. Sotra Kystby

byggjer saman dei nye bydelane på baa sider av sundet med midtre delen av Bildøyna og Bildetangen lengst nord. Målet er at det skal vera råd å gå og sykla mellom dei ulike bydelane. Utforminga av lokalvegnettet vert viktig.

– I kommunedelplanen er det bandlagt areal til lokalveg både på nord- og sørsida av hovudvegen, så planen er fleksibel. Men frå Liegruppen si side held me fast på innspelet om at lokalvegen kan ligga oppå hovudvegen, seier Roy-Eddy Lie.

## Med eller utan bybane

Som illustrasjonen viser kan ein tenkja seg ei bru over Straumssundet i to plan. Her med bilvegen i ei «tunnel-bru», med bybane samt gang og sykkelveg over. Bybane er ingen føresetnad for ei slik løysing, den er snarare med i skissa for å minna om kva moglegheiter Kystbyen gjev på sikt. Lie har trua på at det å snakka om bybane som moglegheit aukar sjansen for at det ein gong vert realitet. Det viktigaste med denne løysinga er i første omgang å spare areal.

– Den openberre føremona er at det vert færre inngrep i dagens bustadområde. Dessutan går hovudvegen per i dag i ei «dump». Viss ein kan løfta heile vegen vert det enklare og meir attraktivt å gå eller sykla mellom Straume og Bildøyna, seier Lie.

KARSTEIN SÆVERÅS  
karstein@vestnytt.no

907 69 391



www.sandegruppen.no



## KAMPANJEDAGER PÅ CROSS OVER

NISSAN JUKE

FRA KR. **205.900,-**

Kom innom for et godt tilbud på den unike Nissan JUKE.

NISSAN QASHQAI  
LAGERBILER

FRA KR. **235.900,-**

Pakken inkluderer:

• Vinterhjul • Metallic lakk • Serviceavtale  
3 år/ 60 000km • Undersprøyting

Verdi kr. **35.000,-**

Nissan Qashqai: Forbruk: 4,9 - 6,4 l/100 km.  
CO2 utslipp: 119 - 149 g/km. Illustrasjonsfoto. Noe avvik kan forekomme.



Nissan Juke: CO<sub>2</sub> = 124 - 169 g/km  
Illustrasjonsfoto. Noe avvik kan forekomme.

**SandeAuto Vest**  
Drotningstovik, Janafleten 47. Tlf. 53 00 27 10.  
Hverdager: 9-17 Torsdag: 9-19 Lørdag: 10-14

**AutoCenteret**  
Åsane, Liamyrene 6. Tlf. 55 19 76 00.  
Hverdager: 9-17 Torsdag: 9-19 Lørdag: 10-14



# ang på veksten



## - Enormt arbeid bak

Planen for Bildøyna og Sotra Kystby er den grundigaste og mest omfattande som nokosinne har vore lagt fram for kommunestyret.

Det er Roy-Eddy Lie som vågar påstanden og mykje tyder på at eigedomssjefen i Liegruppen har orda i behald. For ein ting er plankartet og dei 144 sidene med føresegner, planskildring og kvalitetsprogram som kommunestyret vedtek i dag. Bak dette ligg 264 sider med konsekvensutgreiing av ni ulike tema. Alt frå born og unge, biologisk mangfald og kulturminne til tettstadutvikling, næring, sysselsetjing og tenesteyting. For ikkje å gløyma klima og energi, landskapsanalyse, landbruk og jordvern samt folkehelse.

– Me har hyrt inn eit kobbelt av konsulentar. I tillegg til desse utgreiingane er her ein underskog av analysar frå trafikk og strand-

sone til kulturminne. Slikt kjem ikkje fram viss ein berre ser på plankart og overskrifter, seier Roy-Eddy Lie.

Samla er analysane på 143 sider, i tillegg har Hordaland fylke fått greidd ut kulturhistoriske registreringar på Bildøyna og andre deler av planområdet over 163 sider. Det er Fjell kommune som har tinga dei mange analysane og rapportane, medan Liegruppen har hyra inn og betalt for konsulentane. Verken kommunen eller Lie legg skjul på at mangelen på folk og ressursar til offentleg planlegging ville gjort ein plan som dette til eit vanskeleg løft, utan privat medverknad.

– Det har vore føresetnaden frå starten av. Opus er hovudkonsulent på plantema. I tillegg har me hyra inn spesialkonsulentar på tema som biologisk mangfald. Planområdet er no svært godt kartlagt på alle felt, seier Roy-Eddy Lie.

Likevel er det ikkje slik at utbyggerane kan la gravemaskinene starta opp viss kommunestyret vedtek planen i dag. Først må det lagast områdeplanar og sidan endå meir detaljerte reguleringsplanar. Til dømes på Nordre Bildøyna reknar ikkje Willy Sørensen i Fjell kommune med å sjå første hus ferdigstilt før i 2021.

– Det året opnar Sotrasambandet viss alt går etter planen. Samstundes vil grensa for kva Straume toler av fortetting for lengst vera nådd. Då må me ha nye område klare til å ta veksten, meiner Roy-Eddy Lie.

*Denne skissa syner korleis området kring Straumssundet og på Bildøyna kan utviklast, med utgangspunkt i planen for Sotra Kystby. I skissa går hovudvegen for biltrafikk «inne» i brua, medan kollektivtrafikk, gang- og sykkelveg er lagt oppå. – Med denne planen kan by og vegsystem planleggast som ein heilskap. Det ville vore vanskeleg å få til i tide viss ikkje kommunedelplanen var klar no, seier Roy-Eddy Lie. Illustrasjon: Opus/Link/Mir*

www.sandegruppen.no



## Mazda CX-5

Kompakt SUV med banebrytende SKYACTIV-teknologi

Mazda CX-5 2,0 Bensin (165 HK) **fra kr 295 100,-**  
Mazda CX-5 2,2 Diesel (150 HK) **fra kr 315 600,-**  
(Priser levert Bergen)

- Fantastiske kjøreegenskaper
- Drivstofforbruk fra 0,46 l/mil
- CO2 -utslipp fra 119 g/km
- i-stop (start/stop)
- Sterke motorer, diesel 150 hk (380 Nm), bensin fra 160 hk
- Tohjuls- eller firehjulsdrift
- 6 trinns manuelt- eller automatgir
- 1800-2000 kg tilhengervekt
- Klasseledende aktiv sikkerhet med blant annet autobrems (SCBS)
- Velkommen til prøvekjøring!

\* Prisene gjelder levert Bergen inkl. leveringsomkostninger. CO2 utslipp: Bensin = 131 - 139 g/km. Diesel = 116 - 129 g/km. Diesel = 116 - 129 g/km. Vi tar forbehold om trykkfeil og endringer.

 **SandeAuto**

### Sande Auto Åsane

Liamyrene 6. Tlf. 55 19 75 00.  
Hverdager: 9-17 Torsdag: 9-19 Lørdag: 10-14

### Sande Auto Vest Drottningsvik

Janaflaten 47. Tlf. 53 00 27 10.  
Hverdager: 9-17 Torsdag: 9-19 Lørdag: 10-14